2017 HØST	BAHF-SPLA Bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastu..	Aktive	17	17	14	11	10	8	7	5	3
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	4	0	0	0	0	0	2	4	4
		Andel_kvalifikasjoner	23.53%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	11.76%	23.53%	23.53%
2018 HØST	BAHF-SPLA Bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastu..	Aktive	23	22	19	9	10	4	3		
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	4	0	1	1	4	4	4	4	4
		Andel_kvalifikasjoner	17.39%	0.00%	4.35%	4.35%	17.39%	17.39%	17.39%		
2019 HØST	BAHF-SPLA Bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastu..	Aktive	14	14	14	5	3				
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	1	1	1	1	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	7.14%	0.00%	7.14%	7.14%	7.14%				
2020 HØST	BAHF-SPLA Bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastu..	Aktive	30	28	23						
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%						

## Tysk, bachelor

### Gjennomstrømming

Startår	Studieprogram	Grand T..	Semesternummer								
			1	2	3	4	5	6	7	8	
2015 HØST	BAHF-TYS Bachelorprogram i tysk	Aktive	12	10	10	4	5	2	1		
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	2	0	1	1	2	2	2	2	2
		Andel_kvalifikasjoner	16.67%	0.00%	8.33%	8.33%	16.67%	16.67%	16.67%		
2016 HØST	BAHF-TYS Bachelorprogram i tysk	Aktive	9	8	7	4	4	2	2		
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	3	0	1	1	2	2	3	3	3
		Andel_kvalifikasjoner	33.33%	0.00%	11.11%	11.11%	22.22%	22.22%	33.33%		
2017 HØST	BAHF-TYS Bachelorprogram i tysk	Aktive	8	8	7	5	4	4	3	1	1
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	2	0	0	0	0	0	2	2	2
		Andel_kvalifikasjoner	25.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	25.00%	25.00%	25.00%
2018 HØST	BAHF-TYS Bachelorprogram i tysk	Aktive	7	7	7	6	5	4	3		
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%		
2019 HØST	BAHF-TYS Bachelorprogram i tysk	Aktive	2	2	1						
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	1	1	1	1	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	50.00%	0.00%	50.00%						
2020 HØST	BAHF-TYS Bachelorprogram i tysk	Aktive	4	4	4						
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%						

## Masterprogram

(inkludert suppleringsopptak vår der det er aktuelt)

## Engelsk, master

### Gjennomstrømming

Startår	Studieprogram	Grand T..	Semesternummer								
			1	2	3	4	5	6	7	8	
2015 HØST	MAHF-ENG Masterprogram i engelsk	Aktive	13	13	12	12	11	6	3	1	3
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	9	0	0	0	5	8	8	8	9
		Andel_kvalifikasjoner	69.23%	0.00%	0.00%	0.00%	38.46%	61.54%	61.54%	61.54%	69.23%
2016 VÅR	MAHF-ENG Masterprogram i engelsk	Aktive	1	1	1						
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	1	1	1	1	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	100.00%	0.00%	100.00%						
2016 HØST	MAHF-ENG Masterprogram i engelsk	Aktive	18	18	17	16	16	8	3	2	2
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	15	0	0	0	8	12	13	13	15
		Andel_kvalifikasjoner	83.33%	0.00%	0.00%	0.00%	44.44%	66.67%	72.22%	72.22%	83.33%
2017 HØST	MAHF-ENG Masterprogram i engelsk	Aktive	15	15	15	13	12	3	2	3	2
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	9	0	0	0	9	9	9	9	9
		Andel_kvalifikasjoner	60.00%	0.00%	0.00%	0.00%	60.00%	60.00%	60.00%	60.00%	60.00%
2018 HØST	MAHF-ENG Masterprogram i engelsk	Aktive	18	18	17	17	16	3	2		
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	13	0	0	0	12	13	13	13	13
		Andel_kvalifikasjoner	72.22%	0.00%	0.00%	0.00%	66.67%	72.22%	72.22%		
2019 HØST	MAHF-ENG Masterprogram i engelsk	Aktive	16	16	15	15	14				
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%				
2020 VÅR	MAHF-ENG Masterprogram i engelsk	Aktive	1	1							
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%							
2020 HØST	MAHF-ENG Masterprogram i engelsk	Aktive	16	16	13						
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%						

## Italiensk, master

### Gjennomstrømming

Startår	Studieprogram	Grand T..	Semesternummer								
			1	2	3	4	5	6	7	8	
2015 HØST	MAHF-ITAL Masterprogram i italiensk	Aktive	4	4	4	4	3	2	3	1	1
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	2	0	0	0	1	1	1	2	2
		Andel_kvalifikasjoner	50.00%	0.00%	0.00%	0.00%	25.00%	25.00%	25.00%	50.00%	50.00%
2016 HØST	MAHF-ITAL Masterprogram i italiensk	Aktive	1	1	1	1	1				
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%				
2019 HØST	MAHF-ITAL Masterprogram i italiensk	Aktive	6	6	6	5	5				
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%				

## Fransk, master

### Gjennomstrømming

Startår	Studieprogram	Grand T..	Semesternummer								
			1	2	3	4	5	6	7	8	
2015 HØST	MAHF-FRAN	Aktive	4	4	4	2	2	2	1	1	1
	Masterprogram i fransk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	0	0	1	1	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	25.00%	0.00%	0.00%	0.00%	25.00%	25.00%	25.00%	25.00%	25.00%
2016 VÅR	MAHF-FRAN	Aktive	1	1	1	1	1	1			
	Masterprogram i fransk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	0	0	0	1	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	100.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	100.00%			
2016 HØST	MAHF-FRAN	Aktive	2	2	2	2	2	1	1		
	Masterprogram i fransk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	2	0	0	0	1	1	2	2	2
		Andel_kvalifikasjoner	100.00%	0.00%	0.00%	0.00%	50.00%	50.00%	100.00%		
2017 HØST	MAHF-FRAN	Aktive	1	1	1		1				
	Masterprogram i fransk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%		0.00%				
2018 HØST	MAHF-FRAN	Aktive	8	8	6	4	4	4	3		
	Masterprogram i fransk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	0	0	0	1	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	12.50%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	12.50%	12.50%		
2019 VÅR	MAHF-FRAN	Aktive	1	1	1	1	1	1			
	Masterprogram i fransk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%			
2019 HØST	MAHF-FRAN	Aktive	4	4	3	1	2				
	Masterprogram i fransk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	0	1	1	1	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	25.00%	0.00%	0.00%	25.00%	25.00%				
2020 HØST	MAHF-FRAN	Aktive	4	3	4						
	Masterprogram i fransk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%						

## Russisk, master

### Gjennomstrømming

Startår	Studieprogram	Grand T..	Semesternummer						
			1	2	3	4	5	6	
2015 HØST	MAHF-RUSS	Aktive	1	1	1	1	1		
	Masterprogram i russisk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	0	0	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	100.00%	0.00%	0.00%	0.00%	100.00%		
2016 HØST	MAHF-RUSS	Aktive	2	2	2				
	Masterprogram i russisk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%				
2017 HØST	MAHF-RUSS	Aktive	1	1	1	1	1		
	Masterprogram i russisk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	0	0	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	100.00%	0.00%	0.00%	0.00%	100.00%		
2018 VÅR	MAHF-RUSS	Aktive	1	1	1				
	Masterprogram i russisk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%				
2018 HØST	MAHF-RUSS	Aktive	3	3	3	2	2	1	1
	Masterprogram i russisk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	0	0	0	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	33.33%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	33.33%	33.33%
2019 HØST	MAHF-RUSS	Aktive	3	2	2	3	2		
	Masterprogram i russisk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%		
2020 HØST	MAHF-RUSS	Aktive	3	3	3				
	Masterprogram i russisk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%				

## Spansk språk og latinamerikastudium, master

### Gjennomstrømming

Startår	Studieprogram		Grand T..	Semesternummer								
				1	2	3	4	5	6	7	8	
2015 HØST	MAHF-SPLA	Aktive	6	6	6	5	5	3	1			
	Masterprogram i spansk og latinamerikastudier	Akkumulerte Kvalifikasjoner	5	0	0	0	2	4	5	5	5	5
		Andel_kvalifikasjoner	83.33%	0.00%	0.00%	0.00%	33.33%	66.67%	83.33%			
2016 VÅR	MAHF-SPLA	Aktive	2	2	2	1	1					
	Masterprogram i spansk og latinamerikastudier	Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	0	0	1	1	1	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	50.00%	0.00%	0.00%	0.00%	50.00%					
2016 HØST	MAHF-SPLA	Aktive	4	4	4	3	2	2	2			
	Masterprogram i spansk og latinamerikastudier	Akkumulerte Kvalifikasjoner	2	0	0	0	0	0	2	2	2	2
		Andel_kvalifikasjoner	50.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	50.00%			
2017 VÅR	MAHF-SPLA	Aktive	1	1	1	1	1	1				
	Masterprogram i spansk og latinamerikastudier	Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	0	0	0	1	1	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	100.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	100.00%				
2017 HØST	MAHF-SPLA	Aktive	12	12	11	12	10	7	3	1	1	1
	Masterprogram i spansk og latinamerikastudier	Akkumulerte Kvalifikasjoner	10	0	0	0	4	8	10	10	10	10
		Andel_kvalifikasjoner	83.33%	0.00%	0.00%	0.00%	33.33%	66.67%	83.33%	83.33%	83.33%	83.33%
2018 VÅR	MAHF-SPLA	Aktive	3	3	3	3	2	1				
	Masterprogram i spansk og latinamerikastudier	Akkumulerte Kvalifikasjoner	3	0	0	1	2	3	3	3	3	3
		Andel_kvalifikasjoner	100.00%	0.00%	0.00%	33.33%	66.67%	100.00%				
2018 HØST	MAHF-SPLA	Aktive	6	6	6	6	6	4	4			
	Masterprogram i spansk og latinamerikastudier	Akkumulerte Kvalifikasjoner	2	0	0	0	2	2	2	2	2	2
		Andel_kvalifikasjoner	33.33%	0.00%	0.00%	0.00%	33.33%	33.33%	33.33%			
2019 VÅR	MAHF-SPLA	Aktive	3	3	3	3	3	3				
	Masterprogram i spansk og latinamerikastudier	Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%				
2019 HØST	MAHF-SPLA	Aktive	3	3	3	3	3					
	Masterprogram i spansk og latinamerikastudier	Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%					
2020 VÅR	MAHF-SPLA	Aktive	1	1	1	1						
	Masterprogram i spansk og latinamerikastudier	Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%						
2020 HØST	MAHF-SPLA	Aktive	11	11	9							
	Masterprogram i spansk og latinamerikastudier	Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%							

## Tysk, master

### Gjennomstrømming

Startår	Studieprog..		Grand T..	Semesternummer								
				1	2	3	4	5	6	7	8	
2015 HØST	MAHF-TYS M	Aktive	3	3	3	3	3	2	1			
	asterprogra m i tysk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	0	0	1	1	1	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	33.33%	0.00%	0.00%	0.00%	33.33%	33.33%	33.33%			
2016 VÅR	MAHF-TYS M	Aktive	2	2	2	2	2	1	1	1		
	asterprogra m i tysk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	0	0	0	0	0	0	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	50.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	50.00%		
2016 HØST	MAHF-TYS M	Aktive	3	3	2	2	2	1		1	1	1
	asterprogra m i tysk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	0	0	0	1	1	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	33.33%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	33.33%		33.33%	33.33%	
2017 HØST	MAHF-TYS M	Aktive	1	1	1	1	1	1	1			
	asterprogra m i tysk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	0	0	0	0	1	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	100.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	100.00%			
2018 HØST	MAHF-TYS M	Aktive	2	2	2	2	2	1	1			
	asterprogra m i tysk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	0	0	1	1	1	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	50.00%	0.00%	0.00%	0.00%	50.00%	50.00%	50.00%			
2019 HØST	MAHF-TYS M	Aktive	2	2	2	2	2					
	asterprogra m i tysk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%					
2020 HØST	MAHF-TYS M	Aktive	5	5	5							
	asterprogra m i tysk	Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%							


## Erfaringsbasert master i undervisning med fordyping i engelsk (ikke opptak høsten 2018)

### Gjennomstrømming

Startår	Studieprogram	Aktive	Grand T..	Semesternummer							
				1	2	3	4	5	6	7	8
2015 HØST	VID-MAUENG Erfaringsbasert master i undervisning med fordyp..	Aktive	10	10	9	8	8	8	8	5	5
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	1	0	0	0	0	0	1	1	1
		Andel_kvalifikasjoner	10.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	10.00%	10.00%	10.00%
2016 HØST	VID-MAUENG Erfaringsbasert master i undervisning med fordyp..	Aktive	9	9	7	6	6	6	5	5	5
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	3	0	0	0	0	0	0	0	3
		Andel_kvalifikasjoner	33.33%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	33.33%
2017 HØST	VID-MAUENG Erfaringsbasert master i undervisning med fordyp..	Aktive	4	3	2	1	1	1	1	1	1
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%
2019 HØST	VID-MAUENG Erfaringsbasert master i undervisning med fordyp..	Aktive	9	9	8	8	8				
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%	0.00%				
2020 HØST	VID-MAUENG Erfaringsbasert master i undervisning med fordyp..	Aktive	7	7	7						
		Akkumulerte Kvalifikasjoner	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		Andel_kvalifikasjoner	0.00%	0.00%	0.00%						

## Lektor fremmedspråk (engelsk - fransk - spansk - tysk)

Gjennomstrømmingstabellen i Tableau viste ikke akkumulerte kvalifikasjoner for dette studieprogrammet, slik det er hentet ut for programmene over. Vi har derfor hentet ut "Antall studenter" årene 2016-2020 og fullføring og frafall for kullene 2013-2015.




## Studiepoeng per student (gjennomsnitt) per institutt per år sammenlignet – ulike nivå

[https://rapport-](https://rapport-dv.uhad.no/#/views/GST5Studiepoengperstudent/KStudiepoengperstudentgjennomsnittperinstituttperssammenlignet?iid=2)

[dv.uhad.no/#/views/GST5Studiepoengperstudent/KStudiepoengperstudentgjennomsnittperinstituttperssammenlignet?iid=2](https://rapport-dv.uhad.no/#/views/GST5Studiepoengperstudent/KStudiepoengperstudentgjennomsnittperinstituttperssammenlignet?iid=2)


### Bachelor (fakultetet samlet og instituttene):

K Studiepoeng per student (gjennomsnitt) per institutt per år sammenlignet




### Master (fakultetet samlet og instituttene):


K Studiepoeng per student (gjennomsnitt) per institutt per år sammenlignet




## Lektor (fakultetet samlet og instituttene):



## Erfaringsbasert master (fakultetet samlet og instituttene):



## Årstudium (fakultetet samlet og instituttene):



---

## *Studiekvalitetsmelding for 2020 – unntakstilstandsåret*

### *Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)*

---

#### Omtale av studiekvalitetsfremjande arbeid ved LLE sidan førre dialogmøte

2020 har vore eit svært annleis år også for LLE – eit år med mykje nyttig lærdom om korleis ein skal drive undervisning og studiekvalitet, og der både studentar og undervisarars tolmod og pedagogiske evner blir sette på prøve.

Etter fleire år med stor turnover i den administrative staben og utskifting av heile leiargruppa, skulle 2020 bli eit år med meir stabilitet og høve til å ha god administrativ oppfølging og tilrettelegging for eit ryddig og straumlinjeforma studiekvalitetsarbeid. Stabiliteten har klart blitt betre i den studieadministrative staben, men vi har framleis sjukmeldingar som gjer at somme er veldig ferske og inne i vikariat av uviss varigheit. Mange av dei tilsette i studieadministrasjonen har hatt mesteparten av tilsettingstilhøvet sitt på heimekontor, noko som naturlegvis har ført til at hjelp og støtte frå meir erfarne kollegaar ikkje er så direkte tilgjengelege. Trass dette, har vi inntrykk av at dei kjenner seg tatte vare på og at terskelen er låg for å stille spørsmål når ein treng det. Samarbeidet mellom studieadministrasjon og dei som underviser verkar å fungere svært godt, og leiinga får jamlege positive tilbakemeldingar frå den vitenskaplege staben som gjeld den studieadministrative staben.

LLE har forsøkt å oppretthalde fokus på evalueringar og eigenvurderingar, og opplever at mange fagmiljø leverer det dei skal til rett tid, medan andre må få purringar før dei leverer. Vi arrangerte digitalt seminar for fagkoordinatorar 15. mars. Der var mellom anna UiBs kvalitetssystem for utdanning eitt av temaa, nærare bestemt evalueringssyklusar og eigenvurderingar. Vi gjekk systematisk gjennom kva dei årlege eigenvurderingane av emne og program skal innehalde og kva dei skal fungere som grunnlag for. Dei andre interne og eksterne evalueringane blei òg gjennomgåtte på same vis. Sjølv om vi har hatt kvalitetssystemet som tema tidlegare med både seniorrådgivar i fakultetsadministrasjonen, Inger Marie Hatløy, og viserektor for utdanning, Oddrun Samdal, var dette eit nyttig møte der intensjonane bak og organiseringa av kvalitetssystemet kom betre fram for undervisarane på LLE. Vi har òg fått gjentatte tilbakemeldingar frå ulike fagmiljø som går på at det kjennest som eit system med alt for mange rapportar der ein ikkje er sikre på om nokon les eller bryr seg om innhaldet i det som blir levert. Dette var noko av det vi ønskte å setje fokus på. All den tid UiB er sjølvakkrediterande, må vi sjølve syte for at vi har høg kvalitet i studieprogramma våre. Og at vi sjølve reflekterer over kva for delar av emna og programma som har fungert godt, og kva for delar som ikkje har fungert etter hensikta. Årlege eigenvurderingar av emne og program som blir skrivne utførleg, vil kunne brukast som verktøy når dei større evalueringane skal inn. Det verkar som om mykje av informasjonen som blir sendt ut til fagmiljøa, kanskje ikkje alltid blir lagt så mykje vekt på. Dette ser vi tydeleg no når det ikkje ser ut til at programstyra har vore klare over at den femårige programevalueringa finst og kva funksjon ho har, og at ikkje alle har forstått at den eksterne fagfellen skal levere ein rapport kvart år. Det kjennest litt vanskeleg å finne ein balansegang mellom å gi tydeleg informasjon og «å mase». Sjølv om vi har hatt ønske om å ha tydeleg fokus på studiekvalitetsarbeidet, og har hatt fleire informasjonsmøte, er det framleis ei utfordring å

implementere arbeidet med studiekvalitet på ein måte som verkar fullt ut meiningsgivande for undervisarane på LLE.

Instituttet har satsa på utdanningskvalitet ved å setje av ein større pott pengar som skal gå til å tilsetje undervisningsassistentar på ulike emne. Denne potten kjem i tillegg til tildelinga frå fakultetet. Fagmiljøa som har fått undervisningsassistentar melder i frå at dette er positivt for undervisninga. I somme av fagmiljøa er rekrutteringsgrunnlaget tynnare, og vi har opplevd at ein assistent har sagt frå seg oppgåver i løpet av tilsettingstilhøvet fordi det blei for mykje arbeid i tillegg til studiet. Men alt i alt ser vi på dette som eit svært positivt tiltak som er til glede for studentane, skaffar arbeid til dei meir erfarne studentane, og som i nokre tilfelle er med på å lette arbeidsbyrda for hardt pressa fagmiljø.

Dei siste par åra og i 2020 spesielt, merkar vi at vi har mindre kontakt med fagutvala ved instituttet, og vi ser at Instituttutvalet per i dag ikkje er oppe og går. Den manglande oppfølginga frå instituttets side, kan forklarast med tidlegare omtala turnover og sjukmeldingar i administrasjonen og utskiftingar i leiinga. Instituttleiinga har lenge hatt ein intensjon om å invitere til frukostmøte med fagutvala, men blant anna på grunn av koronasituasjonen har vi ikkje lukkast med å sette tanken om til handling. Vi har hatt eit ønske om å ha dette møtet fysisk, men tilhøva har ikkje vore dei rette for det, så vi bør kanskje vurdere å ha eit digitalt frukostmøte for å få fornya kontakten med fagutvala og gjere vårt beste for å legge til rette for at Instituttutvalet kan gjenoppstå. Fleire av fagområda har aktive fagutval, men vi ser at aktiviteten naturleg har blitt mindre gjennom 2020, og det kan verke som om rekrutteringa òg lir så lenge det meste går føre seg digitalt. Elles er studentane representerte og deltakande i programstyra, UUI og IR. Studentrepresentantar har dessutan spela ei viktig rolle i arbeidet med å redesigne bachelorprogrammet i kunsthistorie, som vi kjem nærare inn på seinare.

Sidan førre møte har vi fått oppretta avtale med ekstern fagfelle for allmenn litteraturvitskap og kunsthistorie. Og sjølv om desse oppnemningane berre nyleg er blitt bedne om, har intensjonsavtalane vore på plass lenge. Vi manglar framleis ekstern fagfelle for allmenn lingvistik og norsk som andrespråk (både teorifaget og norskkursa). Dei sistnemnde har tydeleg oppfatta purringa frå studieieiar. Rett nok har vi berre fått inn ekstern fagfellevurdering for to av fagområda våre (teatervitskap og norrøn filologi) for 2020, men vi ser at det må setjast på pandemikontoen. Desse ser vi nærare på under omtale av studieprogramma våre. Vi har, som tidlegare omtala, hatt endå tydelegare fokus på dei årlege eigenvurderingane, og denne gongen har vi fått årleg programeigenvurdering (likevel av høgst varierende kvalitet) frå alle fagmiljøa i forkant av arbeidet med studiekvalitetsmeldinga.

Det blei aldri noko dialogmøte med digital kultur som annonsert på førre møte, men fagmiljøet har blitt utvida med to nye tilsette, og planlegg ein revisjon av bachelorprogrammet. Vi planlegg eit møte der vi snakkar om desse planane og at digital kultur skal skrive si femårige programevaluering i år.

LLE fekk alle fakultetets prisar, Formidlingsprisen, Pris for unge forskarar og Sporveugleprisen i 2020. Sistnemnde er ei særleg fjør i hatten når det gjeld studiekvalitet. Denne gongen var det Sommarkursa ved Atle Kristiansen som fekk prisen, og det er særleg gledeleg at delar av norskkurstilbodet vårt blir løfta fram på denne måten all den tid det er ein så stor del av verksemda vår, men kanskje likevel ikkje den mest synlege.

## Eigenvurderingar, vurderingar frå eksterne fagfellar og andre studiekvalitetsfremjande tiltak i fagmiljøa

Alle fagmiljøa har levert årleg eigenvurdering av program. Nokre av vurderingane gir lite eller ingen informasjon, medan andre har meir substans.

### Språkvitskap

Både i bachelor- og masterprogrammet har emnetilbodet blitt skore ned til minimum, og vi har ikkje lenger valfridom i spesialiseringane her. Programstyret har hatt gjennomgang av vurderingsordningane i begge studieprogramma, og har prøvd å rette seg etter fakultetets kritikk av manglande variasjon. Bacheloroppgåveemnet LING251 har blitt delt i to mindre einingar slik at det skal bli større fleksibilitet i programmet. Emna LING123 og DASPSTAT får mange studentar frå andre studieprogram, noko som er gledeleg. Likevel fører dette til større press på undervisningskreftene, noko som har ført til auka bruk av undervisningsassistentar, som er til god hjelp for studentanes læring og ferdigheiter, men ikkje kan sjåast på som nokon strukturell løysing for bemanningsunderskotet. I rapporten for masterprogrammet peikar programstyreleiar Koenraad De Smedt på at faggruppa brukar meir tid på undervisning og rettleiing enn det som normalt er avsett til desse oppgåvene. «Mangel på personalressurser er den største trusselen mot fortsatt god kvalitet i denne utdanningen i fremtiden». Fagmiljøet uttrykker òg uro over den store mengda eksamenar som blir tatte heimanfrå i koronatida, og melder at det gjer det vanskeleg å kontrollere studentanes sjølvstendige arbeid, og dermed truar validiteten til vurderinga. Fagmiljøet er også urolege for EXFAC00SK- Språkkunnskap si framtid då emnet no blir lagt i sin heilskap til Institutt for filosofi og førstesemesterstudium og mistar ei viktig forankring til språkfaga ved LLE og IF.

Fagmiljøet er redde for at den store belastninga på eit lite fagmiljø på sikt vil føre til ein kanskje ikkje kan tilby eit masterprogram i lingvistikk fullt ut om ein ikkje får tilført fleire undervisningsressursar. Dei ser på moglegheiter for fusjonar med andre masterprogram.

Språkvitskap har ikkje ekstern fagfelle per no, men dette er noko instituttet purrar på for å få på plass.

### Teatervitskap

Programstyreleiar Keld Hyldig peikar på at programmas gjennomføring har vore sterkt prega av koronasituasjonen. Det har vore krevjande å gå over til nye, digitale verktøy, og ein opplever at kontakt med studentar har blitt vanskelegare, og at emnegjennomføringa har blitt dårlegare.

Den eine av tre tilsette på teatervitskap har halde seg i København sidan mars i fjor grunna korona, og éin gjekk av med pensjon 1. november 2020. Det har gått mykje ressursar til komitéarbeid knytt til tilsetjing av ny førsteamanuensis, og stipendiaten har fullført undervisningsplikta si.

Det har vore ein auke i registrerte studentar på 100-nivå, og det har òg vore god rekruttering til masterprogrammet. Bachelorprogrammet har hatt vurdering av ekstern fagfelle Ellen Karoline Gjervan, som skriv i si oppsummering:

Det virker som om bachelorprogrammet i teatervitenskap ved UiB har god rekruttering og gjennomstrømming.

Ressursbruken bør ses på slik at de ansatte også får opprettholdt forskningstiden sin, og dermed kan fortsette å levere forskningsbasert undervisning.

Når det gjelder faglig progresjon ser den til å være godt ivaretatt på 100-nivå, men jeg oppfordrer programansvarlige til å vurdere om ikke alle 100-emner, minimum de to teaterhistoriske emnene, bør være fullført før emner på 200-nivå kan tas. Med en slik strukturering av studieløpet vil det kunne legges opp til en progresjon og faglig fordypning, også mtp på pensum, innenfor teatervitenskapelige studier i Bergen.

#### Nordiske disiplinær

- Masterprogram i nordisk språk og litteratur
- Masterprogram i norrøn filologi
- BA-program i nordisk språk og litteratur
- BA-program i norsk som andrespråk
- BA-program i norrøn filologi
- nordiskfaga sine bidrag til NORMAU (erfaringsbasert master i undervisning med fordjuping i norsk)
- nordiskfaga sine bidrag til lektorutdanning med master i nordisk
- fagdidaktikkemna i nordisk og norsk som andrespråk i eittårig PPU

Det som har vore mest utfordrande i 2020 har vore konsekvensane av ulike smitteverntiltak i samband med koronasituasjonen.

I den første fasen måtte det skje digitale tilpassingar i stort tempo, med prøving og feiling. Det var generell omstillingsvilje, og sjølv om det var fleire utfordringar er det rimeleg å hevde at studentane fekk ei forsvarleg gjennomført undervisning. I nokre tilfelle måtte ein skyve på emne (kortpraksis i lektorutdanninga).

Kommunikasjonen med mellom faglærarar og studentar har blitt mindre grunna korona-situasjonen, og i starten var det òg frustrasjonar fordi faglærarar møtte stort sett svarte skjermar frå studentane. Etter kvart har normene for deltaking i digital undervisning endra seg, og undervisninga ser generelt ut til å bli meir interaktiv. Den uformelle kontakten, som er viktig for læringsmiljøet, har derimot vore skadelidande.

Likevel er den samla vurderinga på at undervisninga og eksamensarbeidet i dei ulike programma er blitt gjennomført på ein tilfredsstillande måte. Det blir rapportert om at studentane meistrar stoffet godt og at studentane jamt over er godt nøgde med studiet.

Det blir i evalueringa av ein del emne peikt på at dei ulike delane i kvart fagemne kan syast betre saman, evt. at det kan synleggjerast for studentane betre at/korleis dei ulike delane av emnet er relaterte til kvarandre.

Eit gjennomgåande spørsmål har vore knytt til strukturen i lektorprogrammet, tilhøvet mellom praksisperiodar og undervisning, arbeidsbyrde i ulike semester og samkøying av undervisning. Her er det nokre utfordringar som høyrer heime på eit systemnivå og nokre som høyrer heime på disiplinnivå og emnenivå.

Norsk som andrespråk har per no ikkje ekstern fagfelle, men fagmiljøet er i gang med å leite.

Nordisk språk og litteratur har ekstern fagfelle, men han har ikkje levert rapport for 2020.

Lektorutdanninga har ein fagfelle som leverer til LUHF.

Norrøn filologi har hatt vurdering av ekstern fagfelle Ingvil Brügger Budal, som skriv i si oppsummering:

*Gjennomgangen av sluttrapporten frå førre programsensor, Kristel Zilmer, datert 03.12.2019, viser at det er inga endring når det gjeld den engelskspråkelege overordna informasjonen om BA-programmet, men at alle emneplanar på BA-nivå finst på både norsk og engelsk. Den overordna informasjonen om MA-programmet finst på begge språk, men stikkprøvar frå dei enkelte emna kan tyda på at denne informasjonen berre finst på norsk. Eg tilrår at også denne informasjonen finst på begge språk.*

*Dersom fagmiljøet vil søkja på Fund, altså «Merittering av fremragende undervisere eller undervisningsmiljø», må initiativet koma frå fagmiljøet sjølve. Eit første steg i eit slikt eventuelt arbeid vil vera å gjera seg kjent med kriterielista for Fund og vurdere eigen praksis opp mot denne.*

*Å etablere eit kunnskapsgrunnlag for posisjonen til fagområdet er ei omfattande oppgåve som må skje i samarbeid med fagmiljøet og etter ønske frå programstyret, og med eventuelt mandat frå fakultetet. Det ber eg aktuelle partar vurdere.*

*Dei nye rutineane for oppfølging av nytt undervisningspersonale ser ut til å vera løfta frå fagmiljøet til instituttnivå, og det er svært bra. Dersom oppfølginga frå fagkoordinator og administrativ koordinator ikkje er formalisert, bør ho bli det for å sikra kontinuitet. I informasjonsheftet bør det leggjast til noko om sensorrettlegg, rutinar knytt til krav om grunngeving og klagesensor, og dessutan om element ved det norske UH-systemet som kan vera framand for utanlandske tilsette, slik som pensum.*

*I vurderinga av emneportefølje og programinnhald på bachelor- og masternivå, med vekt på fagleg progresjon i dei enkelte emna, i programmet og i tilhøvet mellom bachelor og master, vart særleg læringsutbyteformuleringane på dei ulike nivåa lese komparativt. Eg har kome med nokre konkrete innspel som fagmiljøet bør drøfta, til dømes om det også på BA-nivå bør vera med noko om metode, forskningsetikk og vitskapsteori, og om enkelte kulepunkt bør justerast og flyttast for å gje betre samanheng og ein tydleg progresjon mellom BA og MA.*

*Oppdelinga i 5stp-emne på 100-nivå har fordelar og ulemper som fagmiljøet bør vera merksame på, og som sannsynlegvis bør drøftast.*

*Dei sokalla ferskvarekurser i norrøn filologi er ein styrke ved fagmiljøet som i nokon mon vert usynlege slik emna er presenterte på nettet. Det er synd fordi det ville ha vore ei god profilering av fagmiljøet. Det tydelegaste dømet på dette er diplomkurset Juliane Tiemann leia V20, der studentane også produserte reelle resultat som vart publiserte – og det i samarbeid med andre delar av UiB.*

*Gjennomgangen av emneplanane under 3., viser informasjonen på 200- og 300-nivå til dels er utdatert. Dette bør ikkje skje, og tydelege rutinar for oppdatering av nettsidene vår og haust i tråd med emneporteføljen til miljøet bør etablerast.*

*Emna på 200- og 300-nivå har oftast felles undervisning, men ei differensiering i arbeidskrav og vurderingsform. Begge dei to førre programsensorane kommenterte at differensieringa kanskje ikkje er stor nok. Ei jamføring av to emne med fellesundervisning viser vidare arbeid med differensiering mellom 200- og 300-nivå bør vurderast. Dette kan til dømes gjerast ved å auka omfanget på pensum på 300-nivå, eventuelt kombinert med eit mindre skriftleg arbeid, til dømes eit samandrag av sekundærlitteratur.*

*Som grunnlag for arbeidet som programsensor har eg nytta tilsendte dokument frå fagkoordinator for norrøn filologi, altså min kontaktperson ved UiB. Eg vil peika på at også Mappa Mundi, det felles arkivet til fagmiljøet, har blitt delt med meg. Eit slikt arkiv er i bruk, vert endra kontinuerleg, og det er ikkje heldig at ekstern fagfelle må leita etter aktuelle dokument. Mappa Mundi ligg dessutan etter alt å døme som ein del av ein privat dropbox, heller enn å vera på ei sharepoint/teams-løysing på UiB. For faget og UiB vil ei flytting av arkivet til ei UiB-skyordning sikra kontinuitet og felles tilgjenge til dokumentasjon og ressursar.*

#### Allmenn litteraturvitskap

Studieprogramma har hatt si femårige programevaluering, som har vore ført i pennen av fagkoordinator Erik Bjerck Hagen. Ho har blitt lesen og godkjend av studentar så vel som fagmiljø, og er no under handsaming av Studiekvalitetskomiteen ved Det humanistiske fakultet. Bjerck Hagen skriv i dei korte programevalueringane for 2020:

*Vi gjennomførte en liten reform av det litteraturteoretiske emnet ALLV114 med færre forelesere og flere innføringsforelesninger. Vurderingsformen var også ny, med bare muntlig eksamen og ikke-veiledede øvingsoppgaver underveis. Dette fungerte bra fra lærerhold. De aller fleste studentene tok øvingsoppgavene alvorlig. Eksamensresultatene var også bedre enn i 2019, uten at en slik kortsiktig endring sier oss så mye.*

*Kursene gikk som planlagt. Et samarbeidskurs med nordisk om Hamsun/Undset våren 2020 ble langt mer positivt evaluert av nordiskstudentene enn studentene på allmenn litteraturvitenskap. Dette førte til visse justeringer på et tilsvarende samarbeidskurs våren 2021.*

*Et kurs om «Romantikkens medier» v/ Peter svare Valuer fikk høsten 2020 svært gode studentevalueringer.*

I den femårige programevalueringa er det vist til at ein har gjort tilrådde endringar etter programsensorrapport i 2015. Det blei oppretta eit masterforum i 2019 for å førebygge fråfall og auke gjennomføringa på masternivå, men diverre har planane blitt lagde på is grunna korona. Etter negativ skår i Studiebarometeret for 2020 har ein gjort naudsynte endringar på emnetilbodet særleg på 100-nivå. Ein har òg oppretta samarbeid med Institutt for framandspråk knytt til engelskfaget på emnenivå.

Det har blitt oppnemnd ekstern fagfelle for allmenn litteraturvitskap, og han skal mellom anna sjå på den femårige programevalueringa i sin første rapport.

## Kunsthistorie

Bachelorprogrammet i kunsthistorie har borte preg av at emnetilbodet er for stort til at undervisningsressursane kan dekke det utan å få plusstid i arbeidsrekneskapen. I tillegg har vi fått signal om frå studentane at samanhengen kunne ha vore betra. Det har blitt sett ned ei arbeidsgruppe som skulle sjå på korleis ein kunne reduserer 100-nivået frå 90 studiepoeng til 60, og slik fjerne valfridomen ein ikkje lenger har ressursar til å tilby. I denne gruppa var studentar, fagleg- og administrativt tilsette med. Arbeidet har gått gjennom hausten og framlegg til revidert studieprogram blei levert til fakultetet 1. mars i år. Ein opplever at studentane er synlege og at dei kjem til orde i saker som gjeld utdanningskvaliteten. Vi har òg fått tilbakemeldingar som gjeld emne på masternivå, og desse vil bli handsama i programstyret framover.

Førre programstyreleiar, Bente Knold Kiilerich, peikar på utfordringar knytte til koronapandemien, men viser òg til auka studenttal som ho ser på som eit mogleg resultat av at det delvis er innført fritak frå oppmøte grunna korona.

Kunsthistorie har fått oppnemnd ny ekstern fagfelle, som vil få i oppdrag å sjå på det nye studieprogrammet det første året.

## Digital kultur

I eigenvurderingane påpeikar programstyreleiar Scott Rettberg at pandemien har gitt utfordringar knytte til undervisninga, men at det meste har fungert godt i programma trass dette. I 2021 fekk digital kultur to nyttilsette førsteamanuensar, og saman med desse skal fagmiljøet gå gjennom studieprogramma og emneporteføljen for å gjere endringar og integrere den faglege ekspertisen til dei nye kollegaane. På masternivå er oppmeldinga lågare enn det ein ynskjer seg, så ein ynskjer også å arbeide med å betre rekrutteringa frå bachelornivået.

Vi har dei siste åra merka ei stor auke av studentar frå SV på emna våre på 100-nivå, noko som førte til at vi valte å stenge emna for andre enn studentar frå digital kultur grunna utfordringar med å oppretthalde undervisningskvaliteten. Etter ei runde med fagmiljøet og Institutt for informasjons- og medievitskap har vi bestemt oss for å opne emna på nytt for alle studentar, men det føreset at instituttet stiller med undervisningsassistentar ved behov.

Bachelor- og masterprogrammet i digital kultur skal ha si femårige evaluering i 2021, og dette passar godt saman med arbeidet med å revidere studieprogramma.

Digital kultur har ekstern fagfelle, men ho har ikkje fått levert rapport i år grunna koronapandemien.

## Klassiske fag

- Bachelorprogram i klassisk filologi
- Masterprogram i gresk
- Masterprogram i latin

Programstyreleiar for dei klassiske disiplinane, Matti Wiik, har skrivt ei heller kort eigenvurdering der han skriv at programma fungerer bra for studentar med ulike bakgrunn og ulike ønske, og det førebels ikkje ser ut til at det er ønske om endringar i programma frå tilsette eller studentar.

Dei klassiske programma fekk oppnemnd ekstern fagfelle i fjor, men ho har ikkje fått levert rapport for 2020.

## Kommentarar

Generelt ser instituttet at majoriteten av fagmiljøa nemner koronapandemien som ei utfordring både for studiekvalitet, gjennomføring og dagleg drift, men at både tilsette og studentar er velvillige og prøver å få det til å fungere så godt som det lar seg gjere innanfor rammene. Ein generell trøytteleik er likevel å spore særleg mellom masterstudentane, som har flytta inn og ut frå lesesalen på kort varsel.

Nokre av fagmiljøa nemner òg at undervisningsressursane ikkje strekk til. Det er utfordringar vi tar på alvor, og vi har hatt fokus på ressursbudsjettering for fagmiljøa slik at vi ser at vi ikkje underviser meir enn vi har kapasitet til, men òg for å sørge for at ressursane blir nokolunde likt fordelt mellom emna i fagmiljøet. Ved å bruke fleire pengar på undervisningsassistentar, legg vi til rette for auka undervisnings- og studiekvalitet, og det kan i nokre tilfelle lette arbeidsbyrda for fagmiljøa.

Når det gjeld kunsthistorie, har vi lytta til tilbakemeldingar frå studentane i tillegg til at vi har sett at emneomfanget og valfridomen på bachelornivå ikkje er berekraftige. Ved å gjennomføre ein revisjon av programmet, håpar vi på betre studiekvalitet, men òg eit langt meir føreseieleg program å undervisningsplanlegge.

Det har kome eit eige initiativ frå digital kultur om å revidere/redesigne studieprogramma slik at dei mellom anna samsvarar med kvalifikasjonane til dei nyttilsette. Dette synest vi er gledeleg, og vi kan dra nytte av arbeidet vi allereie har vore gjennom med kunsthistorie på dette feltet. Instituttet vil òg då oppmode om å sjå på utfordringane vi har med veldig mange studentar på særleg 100-nivåemna og undersøke om opplegget kan gjerast på ein måte som vil gi god og pedagogisk undervisning trass i store grupper.

Instituttet har fokus på å formidle informasjon om kvalitetssystemet og dei ulike rapporteringane. Vi ser at administrasjonen må vere aktive med påminningar, og vere tydelege med å formidle gevinsten av jamlege eigenvurderingar og dei andre evalueringane. Instituttet legg til rette for god administrativ støtte i arbeidet med studiekvalitet, men er tydelege på at sjølv arbeidet må skje med ei sterk fagleg forankring. Vi ser at vi framleis ikkje er heilt i mål når det gjeld eksterne fagfellar, men dei uteblitte rapportane må vi nok sjå i samanheng med korona.

I året som kjem, vil vi arbeide for

- å få betre kontakt med fagutvala og studentane att
- å framleis synleggjere kor viktig arbeidet med eigenvurderingar og tre- og femårige evalueringar er
- å halde fram med arbeidet med ressursbudsjettering som fungerer etter siktemålet
- å få på plass eksterne fagfellar til alle programma og sørge for at vi også får inn rapportane
- å gjere oss godt kjende med verktøy og støtteordningar universitetet har for god undervisnings- og studiekvalitet

## Gjennomføring

Tabellane nedanfor er trekte ut frå tala i Tableau. Utdraga er gjorde for å sjå etter overordna tendensar når det gjeld gjennomføring. Etter tabellane kjem det ei kort utgreiing om hovudtendensane.

## Bachelorprogram

Gjennomføring for BA-studentar med oppstart 2017 med normert tid for gjennomføring 2020.

Situasjonen for 2016 er sett i parentes

Program	Studentar ved oppstart	Studentar som har gjennomført	Gjennomføring i prosent	Aktive studentar etter 8 semester
Litteraturvitskap	41 (54)	20 (19)	48,78 (35,19)	3 (3)
Digital kultur	46 (46)	15 (18)	32,61 (39,13)	15 (18)
Klassisk filologi	5 (2)	1 (1)	20 (50)	1 (1)
Kunsthistorie	17 (30)	10 (9)	58,82 (30)	17 (30)
Norrøn filologi	8 (2)	2 (1)	25 (50)	1 (0)
Nordisk	20 (24)	10 (8)	50 (33,33)	0 (1)
Norsk som andrespråk	11 (3)	2 (3)	18,18 (27,27)	0 (0)
Språkvitskap	22 (16)	2 (7)	13,64 (43,75)	3 (2)
Teatervitskap	20 (20)	10 (7)	50 (35)	1 (1)

## Masterprogram

Gjennomføring for MA-studentar med oppstart 2018 (haust) med normert tid for gjennomføring 2020.

Situasjonen for 2017 er sett i parentes.

Program	Studentar ved oppstart	Studentar som har gjennomført	Gjennomføring i prosent	Aktive studentar etter 8 semester
Digital kultur <sup>1</sup>	7 (3)	5 (2)	71,43 (66,67)	- (-)
Gresk	-			
Kunsthistorie	9 (12)	3 (8)	33,33 (66,67)	- (-)
Latin	-			
Lingvistikk <sup>2</sup>	7 (4)	2 (1)	28,57 (25)	- (1)
Litteraturvitskap	12 (10)	7 (5)	58,33 (50)	- (2)
Norrøn filologi <sup>3</sup>	-			
Nordisk <sup>4</sup>	12 (8)	6 (4)	50 (50)	- (3)
Teatervitskap <sup>5</sup>	7 (3)	2 (1)	28,57 (33,33)	- (-)

<sup>1</sup> Har opptak både haust og vår, men tar opp flest studentar om hausten.

<sup>2</sup> Har opptak både haust og vår, men tar opp flest studentar om hausten. Oversikten gjeld opptak i haustsemester 2018 (2017).

<sup>3</sup> Norrøn filologi tok ikkje opp masterstudentar haust 2018 eller haust 2017, men tok opp ein kandidat vår 2017.

<sup>4</sup> Nordisk tar opp masterstudentar både haust og vår. Her er berre haust 2018 og 2017 tatt med.

<sup>5</sup> Teatervitskap tar opp masterstudentar både haust og vår, men flest om hausten. Her er berre haust 2018 og 2017 tatt med.

### Nordisk lektorutdanning (MA)

Gjennomføring for studentar på lektorutdanninga på nordisk med oppstart 2015 med normert tid for gjennomføring 2020.

Situasjonen for 2014 er sett i parentes.

Program	Studentar ved oppstart	Studentar som har gjennomført	Gjennomføring i prosent	Aktive studentar etter 12 semester
Lektor nordisk	31 (26)	12 (8)	38,71 (30,77)	6 (4)

### Erfaringsbasert master i undervisning med fordjuping i norsk

Gjennomføring for studentar på erfaringsbasert master i undervisning med fordjuping i norsk med oppstart 2016. Dette er eit deltidsstudium der normert tid for gjennomføring er 4 år. Studentane som blei tatt opp 2016, skulle etter normert tid vere ferdig i 2020.

Situasjonen for 2015 er sett i parentes.

Program	Studentar ved oppstart	Studentar som har gjennomført	Gjennomføring i prosent	Aktive studentar etter 10 semester
Erfaringsbasert master norsk	7 (11)	4 (7)	57,14 (63,64)	- (2)

### Kommentar

Dei større BA-programma med meir enn 15 studentar ved oppstart i 2017, har ein gjennomføringsprosent frå 13,64 (språkvitskap) til 58,82 (kunsthistorie). Ein merkar seg at språkvitskap hadde ein vesentleg sterkare gjennomføringsprosent blant studentane med oppstart i 2016. Digital kultur er bokført med ein gjennomføringsprosent på 32,61 blant studentane som begynte i 2017, men har framleis 15 aktive studentar på dette kullet etter 8 semester. Her vil talet på kandidatar og gjennomføringsprosenten venteleg auke.

Dei mindre BA-programma med mindre enn 15 studentar ved oppstart i 2017, har ein gjennomføringsprosent på 18,18 (norsk som andrespråk) til 25 (norrøn filologi). Her er tala småe, men inntrykket når det gjeld programma med få studentar, er at gjennomføringsprosenten er låg. Då tala er så små, vil det få store utslag på prosentnivå om fleire studentar gjennomfører på eit seinare tidspunkt.

